



## REGLAR OM BETALING FOR BRUK AV KYRKJA

Godkjent til bruk av Bjørgvin bispedømmeråd 9. februar 2007 med heimel i Lov av 7. juni 1996 om Den norske kirke § 20.

- § 1 Reglane gjeld for betaling frå rekvirent ved utlån av kyrkja og presten sin bruk av kyrkja til kyrkjeleg handling.
- § 2 For konsert eller liknande arrangement som ikkje er gudsteneste eller oppbyggjeleg møte, er leiga inntil 15 % av bruttoinntekt, med ein minstesum på kr. 800,-
- § 3 For kyrkjeleg handling utanfor gudsteneste er leiga inntil 1.000 kr. For medlem av Den norske kyrkja gjeld dette likevel ikkje:
- ved vigsel når ein av brudefolka er busett i soknet.
  - ved gravferd når avdøde var busett i soknet.
- § 4 Faktiske utgifter (straum, reinhald ol.) ved utlån av kyrkja til gudstenester eller andre oppbyggelege samlingar, kan det i alle tilfelle krevjast dekning for. Dette gjeld ikkje for dei som etter § 3 har rett til kyrkjelege tenester utan å måtta betala for det.
- § 5 Kyrkjeleg fellesråd fastset i kva for utstrekning dei kyrkjeleg tilsette, som rådet har arbeidsgjevaransvar for, skal gjevast teneste ved utleige av kyrkja og om betaling for dette.
- § 6 Kyrkjeleg fellesråd kan i særskilde høve gje dispensasjon frå betalingsssatsane.
- § 7 Utlån av kyrkja til øving, plateopptak, eller liknande føretak som ikkje har som føremål å samla publikum vert avgjort av kyrkjeleg fellesråd. Betaling for utlånet vert fastsett av fellesrådet. For omvising, turistbesøk eller liknande gjeld regelen tilsvarande. Vedtak om utlån er avhengig av godkjenning frå soknerådet.
- §8 Lokale regelverk med høgare satsar enn det som er nedfelt i paragrafane over, må godkjennast av Bjørgvin bispedømmeråd.